



Nord-Fron kommune
Nedregate 50
2640 VINSTRA
Att. Bjørn Bjørke

Saksbehandlar, innvalstelefon
Merethe Kleiven, 61266083

Inspeksjonsrapport: Inspeksjon med Nord-Fron kommune om avlaupssystemet i kommunen

Kontrollnummer: 2021.209.I.SFIN

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Bjørn Bjørke (leiar teknisk)

Frå Statsforvaltaren i Innlandet:

Linn Christin Rueslåtten

Andre deltagare frå verksemda:

Arne Sandbu (kommunedirektør)

Erik Kvernnes (avdelingsleiar drift og vedlikehald)

Andre deltagare frå Statsforvaltaren i Innlandet:

Merethe Kleiven

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon 13.10.2021 med Nord-Fron kommune gjeldande Vinstra reinseanlegg og tilhøyrande leidningsnett, samt overordna styring og planlegging av kommunens avlaupssystem. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Innlandet avdekka 1 avvik og ga ingen merknad(er) under inspeksjonen.

Avvik:

- Den skriftlege internkontrollen har fleire manglar

Merknader:

- Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.



Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

2. desember 2021
dato

Linn Christin Rueslåtten
kontrollør

Statsforvaltaren i Innlandet

Tore Pedersen
avdelingsdirektør



1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: NORD-FRON KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJON	
Organisasjonsnr.: 974543273	Eigd av: 839893132
Bransjenr. (NACE-kode): 84.110 - Generell offentlig administrasjon	

Kontrollert eining

Namn: Vinstra reinseanlegg og avlaupsnett	Anleggsnr.: 3436.0008.01
Kommune: Nord-Fron	Fylke: Innlandet
Anleggsaktivitet: Avløpsnett og -reinsing	
Løyve gitt: 19. desember 2007	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne, samt den overordna styringa og planlegginga av kommunens avlaupssystem. Inspeksjonen inngår i Statsforvaltaren sin tilsynsaksjon for avlaupssystem som er ein nasjonal tilsynsaksjon i 2021 initiert av Miljødirektoratet.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til vatn
- Overordna og heilskapleg planlegging

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.



3. Oppfølging etter inspeksjonen

Nord-Fron kommune pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at Nord-Fron kommune innan **1. februar 2022** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta, kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfinpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Innlandet v/Linn Christin Rueslåtten.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 2. juli 2021. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventet ressursbruk må Nord-Fron kommune betale eit gebyr på kr 33 800,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 1 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Innlandet. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Innlandet (jf. offentleglova).



6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Den skriftlege internkontrollen har fleire manglar

Avvik frå:

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften) § 5, pkt. 6 og 7

Kommentarar:

I fylgje internkontrollforskrifta skal kommunen innføre og praktisere internkontroll som er tilpassa verksemdas art, aktivitet, risiko og storleik. Dette betyr mellom anna at kommunen skal kartleggja farer og problem og på denne måten vurdere risiko, samt utarbeida planar og tiltak for å redusere risikoforholda (IK § 5 pkt.6). Kommunen skal også utarbeide rutinar som sikrar at man kan avdekke, rette opp og forebygge brot på krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova (IK §5pkt.7). Føljande manglar ved internkontrollen blei påpeika under kontrollen:

- a) Kommunen har ikkje utført ei miljørisikovurdering for ytre miljø relatert til avlaupssystemet (IK § 5 pkt. 6).

Kommunen har ikkje miljørisikovurdering for ytre miljø relatert til avlaupssystemet. Ei slik risikovurdering er eit viktig grunnlag når ein skal utarbeide ein hovudplan for avlaup, og eit viktig prioriteringsverktøy for kommunen.

- b) Kommunen har ikkje ein ferdig hovudplan/temaplan eller handlingsplanar for avlaupsområdet (IK § 5 pkt. 6).

Kommunen må ha planar som sikrar den overordna og heilskaplege planlegginga av avlaupsområdet, til dømes hovudplan eller temaplan for avlaup. Det vart også påpeika manglar knytt til dette ved førige tilsyn i 2014. Arbeidet med ein hovudplan for avlaupsområdet vart påbyrja etter førige tilsyn, men blei ikkje gjort ferdig. Det er viktig å få på plass ei miljørisikovurdering, ein hovudplan for avlaupsområdet og oppdaterte handlings- og saneringsplanar for å sikre ei god, overordna planlegging av avlaupsområdet.

- c) Avviksregistreringa er mangelfull (IK § 5 pkt. 7).

Alle driftsrelaterte hendinga blir logga i driftssystemet, men ikkje nødvendigvis avviksregistrert. Det kjem ikkje tydeleg fram korleis ein definerer eit avvik relatert til ytre miljø eller korleis slike avvik skal registrerast. God avvikshandtering er eit viktig verktøy i verksemders forbetningsarbeid. Kommunen bør difor iverksette tiltak for å sikre at alle avvik registrerast og følgast opp på ein betre måte.



d) Det er generelt lite skriftlege rutinar (IK §5 pkt. 7).

Det generelle intrykket me fekk ved tilsynet var at det på mange områder er ein god praksis, med at praksisen ikkje er fastsett i skriftlege rutinar. Eksempelvis vil dei fleste driftsrelaterte hendingar loggførast automatisk i driftsloggen, men enkelte hendingar kan også vere reelle avvik frå krav i lov/forskrift/løyve og som difor burde avviksregistreras i tillegg til å loggførast i driftsjournalen. Dette vil være lettare å gjere om det er fastsette skriftlege rutinar der man definera kva som er ei avvik, kvar ska det registrerast osv.

Ikkje alle punkter i dette avviket er like store avvik, og nokre av de er separat sett ein merknad, men alle punkta sett under eitt gjer at me har valt å samla dei til eit avvik relatert til internkontrollen.

7. Merknader

Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

8. Andre tilhøve

Vinstra reinseanlegg skal etter planen leggst ned i løpet av 2022. Alt avlaupsvatten som i dag blir reinsa ved Vinstra reinseanlegg vil då overførast til Frya reinseanlegg. Nord-Fron kommune har i dag Vinstra reinseanlegg som regulerast i forureiningsforskrifta kapittel 14, i tillegg til leidningsnett som leiar avlaupsvatten til eit så kalla kapittel 14-anlegg. Når Vinstra reinseanlegg blir nedlagt, vil kommunen berre ha leidningsnett som regulerast etter forureiningsforskrifta kapittel 14. Desse vil får egne løyver etter forureiningslova.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensnig av forurensning (forurensningsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren